

Ny landbrukspolitikk

Landsmøtet i SV krev at den landbrukspolitiske stortingsmeldinga legg opp til ein ny landbrukspolitikk som vektar auka sjølvbergingsgrad, sterkare jordvern og importvern, ei positiv inntektsutvikling og ein klar strategi for å trygge rekrutteringa.

Landbrukspolitikk handlar om viktige nasjonale interesser som mattryggleik, sysselsetting, energi og klima. Klimaendringar og knappe energiressursar gjer det viktigare enn nokon gong å ta vare på dyrka og dyrkbar jord som grunnlag for lokal og nasjonal matproduksjon. Gardsbruk og jordbruksareal vert nedbygde, kornlagera på jorda minkar, og mange område kan verte ubrukelege for matproduksjon på grunn av ekstenvér. Samstundes slår FAO fast at den globale matproduksjonen må auke med 70 % innan 2050, dersom alle skal få nok mat.

Heime i Noreg må vi ta følgjene av at vi er avhengige av å importere meir enn halvparten av maten me brukar. Med dagens folkeauke nasjonalt og globalt, gjer dette oss sårbare i framtida. Dette perspektivet må vere sentralt i arbeidet med til den nye landbrukspolitiske stortingsmeldinga

Produksjon av mat krev dyrka og dyrkbar jord. SV meiner at både sjølvbergingsgraden og jordvernet må styrkjast

SV vil sikra statlig styring av arealressursane. Omsynet til framtidig mattryggleik må inn i kommuneplanane og jordvernet må kome tydelegare fram i arealplanane. Når kommunar vil byggje ned dyrka jord, må dei påleggjast å leggje fram alternativ på udyrka/ udyrkbart areal. Jordbruksareal bør også vurderast freda. Bruken av dei store beiteressursane i utmarka må prioriterast som grunnlag for produksjonen av kjøt og mjølk over heile landet

Dei siste 25 åra er landbruket prega av ei sterk tru på frie marknader og svekka tollvern. Resultatet er ein svært kritisk internasjonal matsituasjon

Matproduksjon per innbyggjar er større enn nokon gong, matprisane er rekordhøge og kvar sjette verdensborgar er råka av svolt og/eller underernæring. Alle land må få føra ein politikk som tek vare på og utnyttar eigne jordbruksareal. Det er naudsynt med eit sterkt importvern for å føra ein landbrukspolitikk som utnyttar eige ressursgrunnlag. Det bør satsast på kortreist mat. I dag skjer det ei nedbygging av norske gardsbruk og jordbruksareal. Ein sentralisert matproduksjon, med auka grad av importerte innsatsfaktorar kombinert med gjeldsauke, samsvarar ikkje med dei landbrukspolitiske måla.

Talet på gardsbruk i drift må heller auke enn minke, for å sikre mattryggleik, for å halde kulturlandskapet ope og for å skape grunnlag for busetnad og sysselsetjing i distrikta. Landbruket er viktig for sysselsetjing innan næringsmiddelindustrien, leverandører til landsbruket og reiselivet. SV vil sikra verdige inntekter i næringa som stimulerer til rekruttering, ein produksjon som utnyttar egne ressursar og eit volum som er tilpassa forbruket. Dette bør skje gjennom tiltak som krev ei kronebasert inntektsutvikling.